

## Møtereferat – styringsgruppa for fylkessoga

**Referent:** Ingebjørg Erikstad

Deltakarar: Åshild Kjelsnes, Nils Gjerland, Sissel Loen, Ola Svein Stugu, Gunnar Yttri, Oddmund L. Hoel

Forfall: Dag Grønnevik frå Fagbokforlaget var invitert til møtet men hadde ikkje høve til å delta.

### Referat frå møte i styringsgruppa for fylkeshistorie for Sogn og Fjordane

#### 1. Referat frå møte 3.6.2013.

Vedtak:

Referatet frå møte 3.6.2013 vart godkjendt.

#### 2. Oppsummering/status for arbeidet med fylkessoga

Ola Svein Stugu ga ei orientering om status for arbeidet med fylkessoga (jf vedlegg 1). Oddmund Hoel la også fram ein oversikt over faglege aktivitetar og publikasjonar 2012-1.10.2014 (vedlegg 2).

Vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande. Styringsgruppa legg til grunn at manus vil vere ferdig til 1.7.2015 slik avtale og arbeidsplan legg opp til.

#### 3. Utgjevingstidspunkt for fylkessoga.

Produksjonen av fylkessoga er føresett godkjendt som vitskapleg publisering som skal gi «publiseringspoeng» til høgskulen. Publiseringspoeng gir direkte utslag på budsjettet for institusjonen. I perioden frå avtale vart inngått og fram til no er formalkrava til å få godkjendt eit produkt skjerpa, noko som fører til at denne delen av arbeidet vil ta meir tid enn føresett ved avtaletidspunkt. Frå forlaget er det også signalisert at utgjeving hausten 2015 i utgangspunktet har vore utfordrande, og at det med dei nye krava vert enno meir utfordrande tidsmessig. Fagredaksjonen for fylkessoga har difor reist spørsmål om utsett utgjeving. Ei utsetjing vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for oppdragsgjevar.

Vedtak:

Styringsgruppa aksepterer at utgjevingstidspunkt for fylkessoga vert endra frå haust 2015 til 2016. Opplagg for sal/marknadsføring av bokverket vert tilpassa dette. Styringsgruppa vert orientert om endra framdrift for arbeidet.

Det er ein føresetnad for denne endringa at det ikkje skal føre til auka kostnad for fylkeskommunen når det gjeld avtale mellom fylkeskommunen og Høgskulen i Sogn og Fjordane om produksjon av fylkessoga, og avtalen mellom fylkeskommunen og Fagbokforlaget om trykking.

#### 4. Justering av avtale om trykking av fylkessoga.

I avtalen mellom fylkeskommunen og Høgskulen er det sagt at kvar enkelt bok skal ha 725 000 teikn, medan det i avtalen med Fagbokforlaget er sagt kring 700 000 teikn.

Fagredaksjonen ønskjer å kunne produsere dei 725 000 teikna pr bok. Spørsmålet vert då kor langt omgrepet «kring 700 000 teikn» skal forståast, og om Fagbokforlaget vil kunne godta at dette kan vere 725 000 teikn (eller noko opp mot det) innan avtalt pris. I avtalen med Fagbokforlaget er det også sagt at kvar band skal ha ca 300 sider, og ein illustrasjonsgrad på ca 25-30%.

Fagredaksjonen har bedt om at fylkeskommunen tek initiativ til å få endra avtalen med Fagbokforlaget til å gjelde 725 000 teikn pr bind (samla 2,9 mill teikn) slik avtalen mellom Høgskulen og fylkeskommunen legg opp til. Dette er ei endring som vil kunne ha økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Vedtak:

Inngått kontrakt mellom Fagbokforlaget og fylkeskommunen vert ikkje endra. Styringsgruppa oppmodar om at Høgskulen og Fagbokforlaget finn ei minneleg ordning når det gjeld endeleg manusomfang (tal teikn). Ordninga skal ikkje føre til auka kostnad for fylkeskommunen.

## 5. Ymse

Det vart lufta spørsmål om nytt møte i styringsgruppa. Dette vert fastsett når det evt vert signalisert behov for avklaringar.

Vedlegg:

1. Orientering frå hovudredaktør Ola Svein Stugu
2. Oversikt over faglege aktivitetar og publikasjonar 2012 – 1.10.2014

Mottakar (ar):  
styringsgruppa